

Elin H. Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 LINDÅS

Våge, 06.08.2018

Hordaland Fylke  
v/Kultur og idrett, fortidsminne-ansvarleg

Lindås kommune v/fortidsminne-ansvarleg

### **ØYDELAGD FORTIDSMINNE - «Gjenstand 2» i mitt brev av 24.07.2018**

Eg viser til mitt brev av 24.07.2018, med innmelding av 3 funn på Våge.

Det er med sterk beklaging ein idag må melde at den mulege skålgropa frå yngre bronsealder eller eldre jernalder ein gav melding om i brev av 24.07.18 («Gjenstand 2») i dag har vorte brutalt øydelagt.

Etter at funnet no var offentleg kjend, kom grunneigar frå Bergen i dag og målretta borte eit hol midt i gropa, jfr. bilete. Ein kan, som det viser, likevel sjå konturane av øvre del av opprinneleg grop.

At dette skjedde med målretta hensikt å øydeleggje er det diverre inga tvil om, sidan dette skadeverket var det einaste som vart gjort på staden i løpet av den eine timen i pøsregn han var på staden før han returnerte.

Dersom dei innmelde funna på Våge er av offentleg interesse, viser dagens hending med all tydelegheit at det er ei hastesak å få ting registrert.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust  
(elektronisk brev, difor utan underskrift)